

Tilsyn med fysikalske institutt



Helsetilsynet i Aust-Agder har gjennomført tilsyn med ulike private verksemder i fylket dei siste åra, seinast er det gjennomført systemrevisjon ved tre fysikalske institutt i fylket. Tema for tilsyna har vore journal- og teieplikta, internkontroll, kvalitetsutvikling og om verksemdene har drive fagleg forsvarleg. Tilsynserfaringane våre til no viser at det er mogleg å betre verksemdene innafor alle tema.

Journalføringa er svært variabel, frå heilt ufullstendig til forsvarleg. Fleire av dei verifiserte journalane står fram som uoversiktlege og lite tilgjengelege for andre enn han eller ho som har skrive dei, og dei kan ikkje vere grunnlag som saksdokument i ei eventuell tilsynssak. Fleire manglar dato for når undersøkinga og behandlinga tok til, og når ho blei avslutta. Samhandling med andre yrkesgrupper blir i liten grad dokumentert i journalane.

Lokala til fleire institutt gjer det til ei utfordring å sikre pasientane nødvendig konfidensialitet og anonymitet når dei blir undersøkte og behandla, og vi stiller spørsmål om det er mogleg å gjennomføre ei

fagleg forsvarleg fysioterapeutisk undersøking av pasientane når dette ikkje blir sikra. Teieplikta er ikkje berre ei passiv plikt til å teie, men også ei aktiv plikt til å hindre ivedkommande i å få tilgang til informasjon med teieplikt.

Ved eitt institutt blir det ikkje skilt godt nok mellom tradisjonell fysikalsk behandling og alternativ behandling i verksemda. Vår erfaring tilseier at det ikkje er spesielt for dette instituttet.

Vi opplever også at institutta ikkje er godt nok tilgjengelege for funksjonshemma. Det er eit paradoks at fysikalske institutt, som først og fremst arbeider med menneske som har funksjonshemmingar og/eller smerter og sjukdommar i rørsleapparatet, ikkje har lokale som er med på å redusere funksjonshemmande barrierar.

Samhandlinga mellom kommunal og privat fysioterapisteneste ser også ut til å vere mangelfull. Det ligg ikkje føre felles plan for verksemdene og heller ikkje krav om å rapportere til kommuneadministrasjonen.

Helsetilsynet i Aust-Agder